



Møteprotokoll

Utval:	Levekårsutvalet
Møtestad:	Rådhuset, formannskapssalen
Dato:	06.05.2026
Tid:	kl 16:00 - 18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Otto Magne Strømmegjerde	Utvalsleiar	AP
Alexander Sandnes	Medlem	H
Cecilie Naustenget	Medlem	FRP
Svein Tore Sjørgård	Medlem	FRP
Caroline Tusvik	Medlem	KRF
Sveinung Vemøy	Medlem	SP
Therese Kristin Utgård Aas	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Anita Vollstad	FRP	Karl Johan Blindheim	H
Maria Moe	H	Marius Erstad Ulriksen	H

Andre som møtte:

Linda Nilsen Hovland	Kommunalsjef oppvekst
Torbjørn Emblem	Kommunedirektør

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-16/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-17/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-18/26	Referatsaker
RS-09/26	Møteprotokoll - Eldrerådet - 16.03.2026
RS-10/26	Møteprotokoll - Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 16.03.2026
RS-11/26	Møteprotokoll - Ungdomsrådet - 16.03.2026
SP-03/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-19/26	Nytt vegnamn - Storledvegen
PS-20/26	Skjenkeløyve - for pub og minigolfbane - Hundeidvik IL
PS-21/26	Skjenkeløyve - KV 36 Drift - Bankplassen
PS-22/26	Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

16/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

LK - 16/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

17/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

LK - 17/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

18/26 Referatsaker

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Ev. kommentar står under kvar referatsak.

LK - 18/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

09/26 Møteprotokoll - Eldrerådet - 16.03.2026

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

10/26 Møteprotokoll - Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 16.03.2026

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

11/26 Møteprotokoll - Ungdomsrådet - 16.03.2026

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Kommentar til protokollen:

Ungdomsrådet v/mentor blir oppmoda om å ta kontakt med kulturavdelinga om bruk av kulturhuset og kinotilbod.

03/26 Spørsmål til administrasjonen

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Spørsmål stilt før møtet:

Fotballbana på Aure barneskule har i mange veker vore ubrukeleg pga at kunstgrasmatta er oppriven av vinden. Når blir denne reparert? Og kvifor har ikkje denne blitt reparert før? Fotballspeling har vore ein viktig friminuttsaktivitet for mange av dei 400 elevane. På fotballbana får borna springe og bruke kroppen fysisk før neste time, der dei skal sitte i ro på og prøve å lære. Fysisk aktivitet mellom timane er dokumentert å ha effekt på læring. Denne bana har må prioriterast å få reparert i god tid før 17.mai!

Svar: Det er planlagt reparert før 17. mai.

Spørsmål stilt i møte blir svart ut i neste møte.

1. Barnebustaden - Korleis fungerer den? Ikkje høyrte så mykje om korleis drifta går.
2. Betalingsautomaten på helsehuset, må den vere plassert der den er? Bør stå meir diskret. Eller er det mogleg med skjerm Brett?

Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte om arbeidet i helse og omsorg, då særleg om liggedøgn ved sjukehus og auke i tal på rom og bemanning ved Buas. Administrasjonen ved Buas blir flytta til tidlegare lokala til heimetenesene. Leiligheiter i del av sone 3 blir sett i stand til bruk for sommarvikarar.

Det blei også orientert om satsing på jobbsmaking/sommarjobb og auke i tal på lærlingar både i helse og oppvekst.

LK - 03/26 Vedtak:

19/26 Nytt vegnamn - Storledvegen

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LK - 19/26 Vedtak:

1.Sykkylven kommune endrar vegnamn frå Storlèvege til nytt vegnamn Storledvegen.

2. Vedtaket vert lagt til høyring slik andre sakar om vegnamn.

I samsvar med stadnamnlova § 12 kan berre dei som har rett til å reise namnesak etter § 6 bokstav a–c klage på skrivemåten:

Offentlege organ (kommunar, fylkeskommunar, Kartverket)

Grunneigarar eller festarar når namnet gjeld eigen eigedom

Lokale organisasjonar med særleg tilknytning (t.d. historielag, velforeiningar)

3. Dei som har adresse i vegen, vert varsla når vedtaket er endeleg.

20/26 Skjenkeløyve - for pub og minigolfbane - Hundeidvik IL

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Utvalet drøfta saka.

Fellesframlegg nytt pkt. 4:

Godkjent skjenkeareal går fram av vedlagt skisse, men med den endring at minigolfbana ikkje skal vere ein del av skjenkearealet. Arealet skal vere avgrensa med gjerde og beplantning.

Framlegg frå Caroline Tusvik:

Med begrunnelse om at ein ønsker å skjerme barn og unge, og at minigolf er ein aktivitet som tiltrekker seg familiar, vurdert mot balansen mellom næringsliv og folkehelse, ønsker ein ikkje å stemme for skjenkeløyve.

Avrøysting:

Pkt. 1-3 og pkt. 5-9 samrøystes som framlegg til kommunedirektøren.

Framlegget til Caroline Tusvik fekk 1 røyst og fall.

Fellesframlegg om nytt pkt. 4 vart vedteke mot 1 røyst.

LK - 20/26 Vedtak:**Tilråding frå levekårsutvalet:**

1. I medhald av alkoholova § 1-7 gir Sykkylven kommunestyre Hundeidvik idrettslag, org.nr. 993796778 skjenkeløyve for sesongopen kiosk/pub i tilknytning til minigolfbana i Hundeidvik familiepark. Skjenkeløyvet gjeld alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, og i samsvar med beskrive konsept.
2. Løyvet gjeld t.o.m. 30. september 2028, med mogleg forlenga periode dersom kommunestyret vedtek endring i løyveperioden.
3. Som styrar vert godkjent Sandra Arnes Utgård og som stedfortreder vert godkjent Henning Nydahl.
4. Godkjent skjenkeareal går fram av vedlagt skisse, men med den endring at minigolfbana ikkje skal vere ein del av skjenkearealet. Arealet skal vere avgrensa med gjerde og beplanting.
5. Opnings- og skjenketider må vere innanfor den til ei kvar tid gjeldande forskrift for Sykkylven kommune forankra i alkoholova § 4-4.
6. Løyveavgift må betalast etter satsane som er heimla i Alkoholforskriften.
7. Prikkbelastning som reaksjon ved brot på alkoholova er gjeldande (jf. Alkoholforskriften § 10-3)
8. Løyvehavar vert oppmoda om å delta på kurs i "Ansvarleg vertskap" når ein får tilbod om dette.
9. Kommunestyret viser til uttalen frå sosialtenesta og føreset at det vert sørga for tilstrekkeleg vakthald og auka kontrollar i tidsrom der også barn og unge nyttar minigolfbana/aktivitetsparken.

21/26 Skjenkeløyve - KV 36 Drift - Bankplassen

06.05.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Marius Erstad Ulriksen tok opp spørsmål om habilitet som dagleg leiar i verksemda. Han vart samrøystes vedteken inhabil og deltok ikkje i handsaming av saka.

Alexander Sandnes tok opp spørsmål om habilitet som komande medeigar i verksemda. Han vart samrøystes vedteken inhabil og deltok ikkje i handsaming av saka.

7 voterande.

Søkar svarte på spørsmål om utforming av lokala.

Framlegg frå Svein Tore Sjørgård til nytt pkt. 10:

Levekårsutvalet støttar personar som vil satse, og vil gi KV 36 drift - Bankplassen utvida skjenketid under fotball VM. Under forutsetning at dei viser fotball VM.

Utvalet drøfta seg fram til eit fellesframlegg nytt pkt. 9:

Kommunestyret understrekar at lokalet er tenkt universelt utforma i samsvar med lovkrav.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg pkt. 1 - 8 vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegg nytt pkt. 9 vart samrøystes vedteke.

Framlegget til nytt pkt. 10 frå Svein Tore Sjørgård fekk 3 stemmer og fall.

LK - 21/26 Vedtak:

Tilråding frå levekårsutvalet:

1. I medhald av alkoholova § 1-7 gir Sykkylven kommunestyre KV 36 Drift AS, org.nr. 937383053 skjenkeløyve for ny skjenkestad i Kyrkjevegen 36, Bankplassen. Skjenkeløyvet gjeld alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, og i samsvar med beskrive konsept.
2. Løyvet gjeld tom 30. september 2028, med mogleg forlenga periode dersom kommunestyret vedtek endring i løyveperioden.
3. Som styrar vert godkjent Marius Andre Erstad Ulriksen og som stedfortreder for styrar vert godkjent Bjørn Inge Drabløs.
4. Godkjent skjenkeareal går fram av vedlagte skisse, 280 m2 i første etasje, 180 m2 i underetasje/kjeller og 80 m2 på innegjerda utandørs terrasse med direkte tilkomst frå skjenkearealet i 1.etasje.
5. Opnings- og skjenketider må vere innanfor den til ei kvar tid gjeldande forskrift om opnings- og skjenketider for Sykkylven kommune, heimla i alkoholova § 4-4.
6. Løyveavgift må betalast etter satsane som er heimla i Alkoholforskriften.
7. Prikkbelastning som reaksjon på brot på alkoholova er gjeldande. (Alkoholforskriften § 10-3)
8. Løyvehavar vert oppmoda om å delta på kurs i "Ansvarleg vertskap" når ein får tilbod om dette.
9. Kommunestyret understrekar at lokalet er tenkt universelt utforma i samsvar med lovkrav.

22/26 Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

Behandling

Samrøystes vedtak:

Saka blir utsett, slik at råda får saka til behandling først.

LK - 22/26 Vedtak:

Saka blir utsett, slik at råda får saka til behandling først.